

Målprisen 2024

Odda Mållag deler ein gong i året ut Målprisen for verdifullt målarbeid i det offentlege rommet. Prisen er eit nummerert litografi av Solfrid Aksnes med "Bokstavflygarar" som tittel og med mottakaren sitt namn inngravert på sølvskilt på ramma.

Årsmøtet i laget tildeler prisen.

Bakgrunn

Odda var ein etablert nynorskkrins til liks med resten av Hardanger då unionsoppløysinga kom i 1905 og regjeringa erklærte den nye arbeidsdagen. Den nye arbeidsdagen oppsto i Odda og Tyssedal alt i 1906 med massiv kraftforedlande industriereising basert på utbygging av vasskraft frå Tysso. Tilflyttinga var enorm. Den kraftproduserande og den kraftforedlande bransjen sitt språk var konservativt riksmål.

Etter kvart reiste kravet om målbyte i skuleverket seg, og frontane hardna. Landsmålet - som nynorsk då heitte - vart sett på som gamaldags og avfeldig av innflyttarane. Landsmålet var noko som tida hadde reist ifrå, og som ein burde kvitta seg med. Striden toppa seg på eit stormande folkemøte om saka i Ungdomshallen 1. februar 1914. Då vart landsmålet "sopt" ut av skuleverket med 213 mot 138 røyster. Eit subsidiært forslag om parallelklassar vart og nedrøysta, rett nok med eit langt mindre fleirtal.

Skulestyret i den nyskipa kommunen Odda vedtok likevel den 18. februar at det skulle oppretta parallelklassar i skulekrinsen. Dette innebar at foreldra sjølve fritt kunne velja målform for borna sine i Odda krins. Dette vedtaket var det ikkje heimel for i lova. Departementet sleit med å bestemma seg, men godkjende vedtaket i skulestyret som lovleg, og sa at slik tilhøva er i Odda er det "både heldig og anbefalelsesverdig". Noko dei må seiast å ha fått rett i. Resultatet vart i alle fall at $\frac{2}{3}$ av borna gjekk i riksmålsklassar og $\frac{1}{3}$ i landsmålsklassar - eit høvestal som heldt seg stabilt i mange år.

Ved overgangen til 1960-talet var høvestalet om lag 50 - 50. Kolltveit skriv i bygdeboka at dette grepet førte til at målstriden stilna og gjorde mykje til å betra sameksistensen mellom "innfødde og innflytta" i Odda. I dag er Ullensvang kommune ein nynorskommune og nynorsk er det dominerande opplæringspråket i skuleverket - med Tyssedal som unntak.

Grunngjeving

Det Norske Zinkkompani AS var eit selskap som spelte ei nøkkelrolle då Odda og Tyssedal i 1924 reiste seg frå ruinane etter dei massive industrikonkursane i 1921. Til og med kraftprodusenten Tyssefaldene gjekk med i dragsuget i 1921, då det ikkje var kjøparar av krafta, og det mangla samkøyringsnett. Vi var ei elektrisk øy.

Deretter har Zinken vore den leiande og viktigaste hjørnestearinsbedrifta i Odda. Zinken er ei bedrift som har hatt mange namn, mange oppturar og kritiske periodar, store miljøutfordringar, stor ståpåvilje og tilsvarande kompetanse og som i 2024 runda sine 100 år på Eitrheimsneset.

I innspurten til denne feiringa, er det utført investeringar av økonomiske dimensjonar, som til no har vore ukjende i metallindustrien her til lands, for ei metallisk skinande og meir miljøvenleg framtid - Green Zink Odda.

Det er til stor glede at Boliden Odda AS no vel å gje ut 100-årssoga si på nynorsk. Ei velskriven praktbok med den folkelege tittelen **Zinken**, skildrar den spektakulære bedriftssoga på terskelen til ei spennande og løfterik framtid, på nynorsk.

Odda Mållag er imponert over denne satsinga og glade for at bedrifta utvidar, og synleggjer det nynorske domenet på eit nytt felt. Dette samsvarar godt med aktiv dialog med lokalsamfunnet og omlandet. I distriktet har nynorsken styrkt seg som bruksspråk i skuleverk og offentleg administrasjon dei seinare åra.

Målprisen 2024 vert tildelt **Boliden Odda AS** for boka Zinken.